



Lindås kommune

5912 ISDALSTØ

Nappane 3.10.17

**Viser til klage på dispensasjon gitt Rusomsorg Vest , Nappane, gbr 129/6,
30.august 2017**

Cardo, på vegne av Titlandsvegen 447, med fleire, meiner at gitt dispensasjon er i strid med plan og bygningslovens intensjon for dispensasjonsinstituttet. Det vert grunngjeve gjennom 12 punkt. Vi vil med dette kommentere dei 12 punkta.

1. At administrasjonen tilrår å ikkje gi dispensasjon betyr nødvendigvis ikkje at dei er betre rusta til å ta ei fagleg vurdering av søknaden om dispensasjon. Vi meiner at å seia at Plan og Miljø utvalet ikkje er faglig kompetente til å uttale seg i saka, er å undervurdera medlemmane i nemnda. Etter vår meining er dei politisk valte ofte like godt skikka til å gjera ei fagleg god vurdering som administrasjonen. Nemnda er sett saman av personar med ulik kompetanse som mogleg greier vurderer ei sak breiare enn administrasjonen som lett kan bli for snever i høve til paragrafer og regler.
2. Vi ynskjer dialog med partane som er rørt i høve til drifta av Rusomsorg Vest, Nappane. Vi kalla derfor i april inn naboar og bygdefolk til informasjon-dialogmøte, men det var ingen som møtte. Vi er derfor spørjande til om det faktisk er dialog som er ynskjeleg i høve reguleringsplanen, eller om det f er slik at ein ynskjer Rusomsorg Vest bort frå bygda med tanke på eiga interesse? Rusomsorg Vest, ynskjer dialog og samarbeid om lover og reglar vedr drifta av senteret på Nappane , men dialog krev to partar.
3. At vedtaket ikkje er blitt drøfta på ein objektiv måte, er ein rein påstand frå klagaren si side.
4. Det er meir enn ein gong blitt sagt, skrive, at Utsleppet frå Rusomsorg Vest sin kloakk på Nappane, ureinar. Dette er ikkje blitt stadfesta er rett. Lindås kommune har derimot konstantert at det ikkje er lekkasje på kloakk-kumma eller røyra til Rusomsorg Vest. Det er sterke ord som vert brukt når det vert hevda at kloakken til Rusomsorg Vest, Nappane, forgiftar omtrent halve bygda på Nappane.